



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Skal vi leike med Jesus?

Shall we play with Jesus?

Gry Losnegård Hansen.
Kandidatnummer 11.

Innleveringsdato 05.01.2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

Innhald

1. Innleiing	3
1.1. Val av tema	3
1.2. Problemstilling og hypotesar	3
1.3. Oppgåva si oppbygging	4
2. Teori.....	4
2.1. Markering og julemarkering.	4
2.2. Formidling og didaktikk.....	5
2.3. Rammeverk og verdigrunnlag.....	5
2.4. Samfunnsmandatet til barnehagen – inkludering og danning.....	6
2.5. Profesjon i ein lærande institusjon	7
3. Metode	7
3.1. Kva er metode?	7
3.2. Reliabilitet og validitet	8
3.3. Kvalitativ og kvantitativ metode	9
3.4. Pilotundersøking og val av informantar.....	9
3.5. Val av metode	10
3.6. Ethiske omsyn – informert samtykke og konfidensialitet.....	11
4. Empiri og drøfting.....	12
4.1. Motvekt og grunnleggande verdiar	12
4.2. Rammeverk og inkludering	14
4.3. Anerkjennning, integrert plural identitet og profesjonelt arbeid.....	15
4.4. Medverknad.....	18
4.5. Formidling – forkynning eller markering	19
4.6. Formidling – planlegging og evaluering	21
5. Konklusjon	22
5.1. Metode.....	22
5.2. Skal vi leike med Jesus?	23
6. Avslutning	24
7. Litteraturliste	25

Vedlegg 1: Informantbrev

Vedlegg 2: Intervjuguide

Vedlegg 3: Intervjuguide pilot

1. Innleiing

1.1. Val av tema

Etter at vi hadde hatt undervisning om høgtidsmarkering i barnehagen, sat eg att med mange spørsmål og tankar. Det var refleksjonar knytt til eigen praksis og praksis i barnehagar i Noreg generelt. Tittelen på oppgåva er eit sitat frå eit barn eg møtte i min arbeidskvardag. Eg kvapp til då eg høyrde barnet sei til eit anna barn; «Skal vi leike med Jesus?». Eg tenkte hundre tankar samstundes, særleg i retning av om vi hadde vore forkynnande i vår formidling. Før eg hadde tenkt ferdig svara det andre barnet «ja», og så gjekk dei saman til julekrybba vår og leika med Jesusbarnet der. Eg har i etterkant brukt tid til å tenkje på, og diskutere med andre som jobbar i barnehage, min reaksjon på barnet si utsegn. Tema og valt problemstilling i denne oppgåva er mellom anna eit resultat av det.

I rolla som assistent, pedagogisk leiar, student og forelder har eg erfaring med at det er ulik vektlegging og varierende innhald i julemarkeringa i barnehagane. Eg er usikker på korleis ein skal markere jul i barnehagen, og opplever at andre gjev utrykk for det same. Interesse for temaet vaks i møte med denne usikkerheita, samt møtet med det stikk motsette. Der fagpersonar har ei udiskutabel mening som seier at innhaldet i julemarkeringa er sjølvstøtt fordi «det alltid har vore gjort sånn» eller «sånn vil vi ha det i vår barnehage». Eit ledd i idemyldringa mi har vore diskusjonar med barnehagelærarar, pedagogiske medarbeidarar, medstudentar, foreldre og born i barnehage- og skulealder. Det har vore diskusjonar som lett engasjerer dei eg har snakka med. I møte med fagpersonar har eg opplevd at temaet rører mange djupare enn andre diskusjonar kring arbeidet vårt. Det handlar ofte fortare enn elles om noko eg opplever som personleg, nært deira identitet og noko som er viktig for dei.

Rammeplanen skal ligge i botn for alt arbeidet vi gjer. Korleis jobbar barnehagelærarar opp mot den når dei markerer jul? Mi vinkling av oppgåva bar preg av at eg i startgropa for dette bachelorarbeidet var på leit etter ei oppskrift på den rette julemarkeringa. Mellom didaktikken og rammeverket, som gjev føringar til barnehagelærarutdanninga og arbeidet i barnehagen, er det eit spenningsfelt og det er ikkje eintydig (Becher, 2015, s. 20). I arbeidet med denne oppgåva har eg utforska ein liten og avgrensa del av dette spenningsfeltet; barnehagelæraren si vektlegging ved julemarkering i barnehagen.

1.2. Problemstilling og hypotesar

Problemstillinga som ligg til grunn for denne oppgåva er: *Kva legg barnehagelærarar i tre ulike barnehagar vekt på i si formidling knytt til julemarkeringa?*

Med denne problemstillinga ynskjer eg å sjå nærare på kva ulike barnehagelærarar, rammeverk og teori seier om innhald og vektlegging ved formidling knytt til julemarkering. Mitt perspektiv vert dermed i all hovudsak barnehagelæraren sitt. Samstundes tek eg med meg utsegna som sette det heile i gang og erfaringar frå fokusgruppeintervjuet med born i pilotundersøkinga mi.

Mi hypotese var at barnehagelærarane var usikre knytt til kva dei skulle vektlegge ved julemarkering og at det var store ulikskapar i innhaldet i markeringa. At det er ei markering og ikkje ei feiring av julehøgtida var noko eg såg føre meg at barnehagelærarane hadde tankar om. Kva som er viktig ved markering av jul såg eg føre meg at den einskilde barnehagelærer hadde ulike meiningar om. Ei anna hypotese var at informantane kunne grunngje sine meiningar med det som står i rammeplanen. Samstundes var eg budd på at enkelte handla meir ut frå eiga oppfatning av tradisjon og kva ein alltid har gjort.

1.3. Oppgåva si oppbygging

Denne oppgåva er eit svar på problemstillinga som skissert i avsnitt 1.2 (s.3). Viktige omgrep som markering, julemarkering, formidling og didaktikk er definert under avsnitt 2.1-2.2 (s.4-5). Empiri og drøftingsdelen er valt slått saman. Presentasjon av empiri vert gjort i starten av kvart avsnitt under avsnitt 4 (s.12-22). Det er gjort eit medvite val om å ikkje presentere informantane og kalle dei informant 1, informant 2 og informant 3. Grunngjeving for dette valet er presentert under avsnitt 3.6 (s.11-12). Oppgåva har ein konklusjonsdel der eigne meiningar og tankar kring oppgåvearbeidet vert synleggjort. Oppgåva er avgrensa til å omhandle formidling ved markering av jul. Den empiri som ligg til grunn gjorde at formidling av juleforteljninga fekk mykje fokus.

2. Teori

2.1. Markering og julemarkering.

Markering er definert som pedagogisk aktivitet som omhandlar det å formidle kunnskap om, og gje spesiell merksemd til, ei høgtid (Sødal, 2016, s. 93). I denne oppgåva er høgtida den kristne julehøgtida. Ei markering er ein planlagt aktivitet. Til markering kan formidling, førebuingar og samtale rundt forventningar og erfaringar vere viktige stikkord (s. 94). Då feiring og markering ofte er nemnt saman er det i denne oppgåva nyttig å ta med ein definisjon av begge omgrepa for å skilje dei frå kvarandre. Feiring er definert til å handle om å gje personleg tilslutning til trusinnhaldet i eit høgtid, som til dømes den kristne jula (s. 95). Ei feiring av ei høgtid er religiøs aktivitet der dei som høyrer til religionen er aktive i ritual og eit religiøst fellesskap. Dette gjer feiring til ein aktivitet for heimen og trussamfunna, medan markering eignar seg i barnehagen (s. 93).

Av kristne høgtider er jula den som har flest tradisjonar knytt til seg (Sødal, 2016, s. 114). Helje Kringlebotn Sødal listar i boka *Kristen tru og tradisjon i barnehagen* opp eit utval juletradisjonar som ho meiner har ein viktig plass i barnehagen (s. 114-122). Desse er julenissen, Lucia og juletreet. Sødal presiserer at dei fleste av høgtidene har i seg både førkristne trekk, spesifikt kristent materiale og det ho kallar for folkloristiske moment (s. 114). Markering og feiring av Lucia har funne stad sidan middelalderen i Norden og Noreg. Lucia har i lys av kristendommen, som julenissen, sitt opphav i helgenhistoria frå romersk-katolsk tradisjon (s. 118-119).

2.2. Formidling og didaktikk

Denne oppgåva legg til grunn at omgrepet formidling rommar meir enn det å overlevere kunnskap reint teknisk. Å trekke fram barnehagelæraren sin person i formidlinga er sentralt. Ved formidling, til dømes knytt til julemarkering, vil barnehagelæraren vere påverka av eige forhold til det ein formidlar (Sagberg, 2001, s. 2). Formidling er ein del av didaktikken.

Didaktikk er i samband med denne oppgåva definert som kunsten å undervise. Det er den praktisk-teoretiske planlegginga, sjølve gjennomføringa, vurdering og kritisk analyse av undervisning og læring (Bø & Helle, 2014, s. 50). Omgrepet undervisning rommar det å formidle kunnskap, kommunikasjon, det sosiale samspelet, å vere i dialog, kreative prosessar, det å utforske og det å løyse problem (Rønning, 2014, s. 38). Didaktikk i barnehagen er knytt til situasjonar der det skjer danning, der borna leikar og der dei er i utviklande og lærande prosessar (Becher, 2015, s. 18). Læring er definert som ein prosess som fører med seg ei relativt varig endring av åtferd som følgje av erfaringar (Lundestad, 2017, s. 241). Kva borna skal oppleve, erfare og lære, kvifor ein vel eit gitt innhald og korleis ein skal arbeide for at borna skal erfare, oppleve og lære dette er kjente didaktiske spørsmål (Becher, 2015, s. 18). Didaktikken har i oppgåve å peike ut det vesentlege, samt stille spørsmål om kva som er vesentleg i samtida (Rønning, 2014, s. 38).

2.3. Rammeverk og verdigrunnlag

Dei viktigaste bestanddelane i rammeverket som legg føringar for barnehagane i Noreg er barnehagelova og rammeplanen (Thoresen og Winje, 2017, s. 35). Den siste er ei forskrift med heimel i lova, og rammeplanen utdjuvar barnehagelova (s. 35). Både lov og rammeplan er jamsides forpliktande (s. 35). Barnehagelova seier noko om føremålet med barnehagen i paragraf 1 som vert kalla føremålsparagrafen:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene (Barnehagelova, 2005).

Relevant for denne oppgåva er at lova i same paragraf slår fast at borna har rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar. Det står også at barnehagen skal vere ein stad der det er trygt for fellesskap og vennskap, og ein skal motarbeide alle formar for diskriminering og fremje likestilling (Barnehagelova, 2005).

Det er interessant å merke seg at barnehagen med heimel i lova vert gitt ein grad av fridom (Thoresen og Winje, 2017, s. 35). Denne er i paragraf 2, åttande ledd: «Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til

lokale forhold.» (Barnehagelova, 2005). Private barnehagar kan også velje vekk forankringa av verdigrunnlaget frå paragraf 1 i kristen- og humanistisk arv og tradisjon gjennom å bestemme dette i vedtektene sine, jamfør paragraf 1a. Om verdigrunnlaget seier rammeplanen:

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 7).

Med sine fagområder, og ikkje konkrete emne som i skulen sin læreplan, har rammeplanen ei opa form (Sagberg, 2001, s. 5). Barnehagelæraren er gitt ein fridom som gjer at deira val, kvar einskild sin didaktiske dugleik og etiske skjønner er avgjerdande for kva som vert formidla (s.5). Under fagområdet *Etikk, religion og filosofi* står det at personalet skal «gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen» (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 55).

Rammeplanen seier at planlegging av arbeidet i barnehagen skal vere kunnskapsbasert, og at den planlegging som skjer skal vere basert på mellom anna observasjon, dokumentasjon, refleksjon og systematisk vurdering (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 37). I denne oppgåva vert dette knytt til å vere evidensbasert. Å vere evidensbasert vil seie at utøvinga av eit yrke, som til dømes barnehagelærer, skal vere basert på empirisk kunnskap (Jacobsen, 2015, s. 14). Empiri er data om røynda. Det kan vere både subjektive og objektive data (s. 14).

2.4. Samfunnsmandatet til barnehagen – inkludering og danning

Rammeplanen definerer samfunnsmandatet til barnehagen på denne måten: «Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg, leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 7). Ordlyden er kjent frå føremålsparagrafen nemnt i avsnitt 2.3 (s. 5). Sødal skriv at ordet mandat betyr «myndighet» eller «oppdrag» (Sødal, 2016, s. 14). Ordet samfunnsmandat er nytta for å gjere det klart at barnehagen har eige myndighetsområde og eigne fullmakter som samfunnsinstitusjon (s. 14). Ho slår fast at samfunnsmandatet til barnehagen handlar om å yte alderstilpassa hjelp så borna kan tileigne seg samfunnet sine grunnleggande normer og verdiar (s. 14).

Ei av dei nasjonale satsingsområda for kompetanseutvikling har tema inkluderande barnehage og skulemiljø (Utdanningsdirektoratet, 2018). Det er relevant å ha med i denne delen av oppgåva fordi samfunnet gjev verdi til det at born i barnehagen skal vere ein del av eit inkluderande fellesskap (Thoresen og Winje, 2017, s. 20). Det vil seie eit fellesskap av born med eit mangfald knytt til språk, det sosiale, religion, livssyn og kultur. Rammeplanen seier at inkludering i barnehagen mellom anna handlar om å legge til rette for sosial deltaking.

Saman med at formidling av innhaldet i barnehagen vert gjort på ein måte som gjer at born kan ta del ut frå eigne føresetnadar og behov (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 40).

Rammeplanen skriv mellom anna om danning som det å utvikle kritisk tenking, etisk vurdering, evne til å yte motstand og ein handlingskompetanse som gjer at borna kan bidra til endring (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 21). Gudmund Hernes var kyrkje-, utdannings- og forskingsminister i 1990-95 og var mellom anna ansvarleg for skulereformar i Noreg (Gudmund Hernes, 2012, 28. september). Hernes vert sitert i boka *Danningsperspektiver* av Sturla Sagberg der han kallar Kristus-tru og kristen tradisjon for noko som: «utgjør en dyp strøm i vår historie – en arv som forener oss som folk på tvers av trosretninger». (Sagberg, 2010, s. 219).

2.5. Profesjon i ein lærande institusjon

I 2006 kom omgrepet lærande organisasjon inn i barnehagesektoren gjennom rammeplanen (Gotvassli, 2017, s. 94). I den nye rammeplanen finn ein att omgrepet under avsnitt 2 *Ansvar og roller* (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 15). I den lærande barnehagen er heile personalet inkludert når det vert omtalt kven som skal reflektere rundt etiske og faglege problemstillingar. Alle er pålagt å oppdatere seg og å vere tydelege rollemodellar (s. 15).

Barnehagelærarprofesjonen er eit relasjonelt yrke (Thoresen & Winje, 2017, s. 17). Det vil seie at ein barnehagelærar sitt virke vert forma av møte med andre menneske. I relasjonane ein inngår i barnehagen vert det formidla innhald av stor verdi. Ein sender ut budskap om verdiar, haldningar og kunnskap gjennom alt ein gjer (Pålerud, 2013, s. 57). I alle situasjonar i barnehagen skjer det danning og læring (s. 57). Arbeidet er i endring og utvikling heile tida gjennom dei menneske ein møter; born, foreldre og kollegaer. Samstundes er ein barnehagelærar, i kraft av å vere ein profesjonsutøvar, ein representant for samfunnet og myndighetene, ikkje ein privatpraktiserande representant for seg sjølv (Thoresen & Winje, 2017, s. 17). Utdanninga har som mål å konkretisere kva dette vil seie, samstundes som barnehagelærarprofesjonen skal setje barnet i sentrum og formidle eigne faglege tradisjonar og verdiar (s. 18).

3. Metode

3.1. Kva er metode?

Empiri er som nemnt under avsnittet 2.3 (s. 6) data om røynda. Dag Ingvar Jacobsen skriv i boka *Forståelse, beskrivelse og forklaring* at alle undersøkingar har innsamling av empiri som mål, og her er metode sentralt (Jacobsen, 2015, s. 20). Pedagogisk ordbok definerer metode som den systematiske og organiserte måten ein gjer undersøkingar av ein årsakssamanheng, og/eller korleis ein skaffar seg kunnskapsdata, forståing og innsikt (Bø & Helle, 2014, s. 190). I arbeid med metode tek ein val som gjer det mogeleg å møte krav til gjennomføring av undersøkingar etter vitenskaplege prinsipp; arbeidet skal vere systematisk og ope (Jacobsen, 2015, s. 18). Til dømes vil det i denne oppgåva bli presentert ei grunngeving for val av kvalitativ

metode. Då er det mogeleg for andre å få innsikt i grunngevinga for metodevalet, og dei kan gjere seg opp ei meining om det. Metode handlar ikkje berre å om unngå feil, eller val av ueigna metodar, men det handlar om å gjere greie for kva som er dei svake punkta ved ei undersøking og diskusjonar, og utveksling av synspunkt med mål om å vidareutvikle kunnskap (s. 19).

Eit anna særst viktig aspekt er at metodekunnskap gjer at ein kan seie kva som er effekten av metoden, og kva som er resultat frå røynda (Jacobsen, 2015, s. 20). Ved val av til dømes observasjon som metode i arbeidet med denne oppgåva, kunne det skje ei endring av kva vektlegging barnehagelæraren hadde i si formidling. Det kunne skje ved at vedkommande visste at ho eller han var under observasjon knytt til temaet formidling. Resultatet kunne då skuldast metoden, eller sagt på ein anna måte; ha ei metodologisk forklaring. Den ville påverke kunnskapsdata, forståing og innsikt. Motstykket er resultat som skuldast røynda, også kalla substansielle forklaringar (s. 20).

3.2. Reliabilitet og validitet

Reliabilitet og validitet er eigenskapar knytt til å vurdere kvalitet (Ringdal, 2013, s. 96) . Eit synonym på reliabilitet kan vere truverd, og seier noko om i kva grad gjentekne målingar gjev same resultat. Det er eit reint empirisk spørsmål. Validitet derimot krev ei teoretisk vurdering. Enkelt kan validitet seiast å vere synonymt med gyldigheit, og seie noko om ein måler det ein vil måle. Høg reliabilitet er ein føresetnad for høg validitet (s. 96).

Reliabilitet vert påverka av tilfeldige målefeil (Ringdal, 2013, s. 97). Til dømes det å notere feil, å gjere feil ved transkripsjon av intervju eller ved at dei som svarar til dømes hugsar feil. Det vart arbeidd for å unngå tilfeldige målefeil ved til dømes å bruke bandopptakar under intervju. Dersom dei som svarar til dømes endrar svara sine for at dei skal høve det dei meiner er sosialt ynskjeleg vil det vere ein systematisk målefeil (s. 97). Systematiske målefeil påverkar dataene sin validitet (s. 97). Eit døme knytt til denne oppgåva kan vere om informantane hadde komme med svar som dei opplevde var i samsvar med rammeplanen framfor å skildre i røynda i barnehagekvardagen. Spørsmåla vart lagt opp for å legge så få føringar på empirien som råd i tråd med omgrepet induktiv tilnærming og kvalitativ metode (Jacobsen, 2015, s. 56). Intervjurolla og oppfølgingsspørsmål var på same måte tenkt å bygge opp under det å vere så open som mogeleg.

Talet på informantar i denne oppgåva er ei utfordring for både validitet og reliabilitet. Det å trekke konklusjonar om alle barnehagelærarar si vektlegging basert på intervju med tre ulike barnehagelærarar seier seg sjølv som umogeleg. Oppgåva gjer heller ikkje eit forsøk på noko anna enn å sjå på kva tre ulike barnehagelærarar i tre ulike barnehagar legg vekt på. Kritisk tolking, definert som det å ikkje akseptere berre ei tolking av røynda, har vore eit mål i arbeidet med empiri og teori (Jacobsen, 2015, s. 253). Det har heile vegen vore tenkt å gå frå empiri til teori som ideal ved grunnleggjande teori (s. 56). At oppgåva brukar både teori og empiri styrkar validitet og reliabilitet. Konklusjonar og påstandar vert sett fram fordi det høver eit bachelorarbeid, men må sjåast i kontekst av låg validitet og reliabilitet.

3.3. Kvalitativ og kvantitativ metode

Grethe Steen Rønning gjev i boka *Rammeplan for barnehagen, kva så?* ei enkel forklaring på fokusområdet og føremålet til dei to hovudtypane av metode (Rønning, 2014, s. 141-142). Desse er kvalitativ og kvantitativ. Ho knyt tal til kvantitativ metode og skriv at teksten er det viktige for kvalitativ metode. Kvantitativ metode kan gjere at ein får ei oversikt, teoriar kan bli stadfesta eller ikkje, ein kan finne generelle trekk eller få ei breidde og slå noko fast med nøyaktighet.

Kvalitativ metode sitt fokus er meir retta mot subjektive opplevingar, og det å studere prosessar og særtrekk ved eit miljø i sin heilskap. Målet med kvalitativ metode er i all hovudsak det å få ei forståing framfor å få ei forklaring. Der kvantitativ metode er oppteken av til dømes talet på noko, er kvalitativ metode oppteken av å meir nyansert skildre kva som er der. Rønning peikar på at begge metodane kan vere nyttige, og utfylle kvarandre, når ein søkjer informasjon om barnehagen sin verksemd (Rønning, 2014, s. 141-142). Jacobsen kallar det at begge metodar i utgangspunktet er jamgode for eit pragmatisk metodeperspektiv (Jacobsen, 2015, s. 14).

Jacobsen trekk fram to klassiske frontar i debatten innad i metodefaget. Han skildrar viktige trekk ved utviklinga i den vitenskapsteoretiske debatten (Jacobsen, 2015, s. 23-24). Den eine fronten er tilhengarar av kvantitativ metode. Det er grunngeve gjennom at kvantitativ metode gjer det mogeleg å kartlegge ein objektiv røyndom og få fram generelle lovar og reglar. Den andre fronten er tilhengarar av kvalitativ metode. Grunngevinga er at sosial røyndom ikkje kan seiast å vere objektiv sidan kvar einskild konstruerer den. Å legge vekt på kartlegging av ulike formar for forståingar er viktig i denne samanhengen. Utviklinga dei siste åra er utgangspunktet for Jacobsen si metodebok. Han skildrar ein debatt der det er større einigheit og ein meir forsonande tone. Metodane sin komplementære relasjon til kvarandre står i fokus, dette høver det pragmatiske metodeperspektivet som nemnt over. Enkelt forklart kan ein seie at det er problemstillinga og kva ein ynskjer å undersøke som er førande for kva metode ein tek i bruk (s. 24).

3.4. Pilotundersøking og val av informantar

Fokusgruppeintervju er definert som det å samle fleire menneske til diskusjon eller samtale om eit eller fleire tema (Jacobsen, 2015, s.89). Dei som deltek svarar på spørsmål frå intervjuaren. Samstundes stiller dei gjerne spørsmål til andre i gruppa, og svarar saman på dei ulike spørsmåla (s.89). Vidare kan ein seie at fokusgruppeintervju kan vere eit godt hjelpemiddel ved arbeid med relativt avgrensa tema. Det kan starte en tankeprosess der resultatet kan seiast å vere eit produkt av gruppeprosessar (s.90). Dette er bakgrunnen for at det vart valt å prøve ut fokusgruppeintervju som pilotundersøking i denne oppgåva. Denne metoden stod fram som noko som gjorde det mogeleg å ha fleire informantar enn til dømes ved individuelle intervju. Ulempa, som vart aktualisert i arbeidet med denne oppgåva, er at store tema kan flyte meir ut enn det som er relevant for funna (s.90).

Informantane som deltok i pilotundersøkinga var fire førskulebarn. I samtale med desse borna var tanken, i tråd med kvalitativ metode, å freiste å få ei forståing, ei nyansert skildring, framfor å få ei forklaring på kva barnehagelærarar legg vekt på ved markering av jul i barnehagen (Rønning, 2014, s. 141-142). Det var eit ynskje å sjå barnehagelæraren si vektlegging gjennom borna sitt perspektiv. Dei opne spørsmåla frå intervjuguiden nytta til pilotundersøkinga vart opplevd som eigna til føremålet, og tekne med vidare i arbeidet med oppgåva (Vedlegg 3).

Derimot svarte ikkje fokusgruppeintervju til forventningane når det gjaldt innsamling av data. Fokusgruppeintervju i seg sjølv og barn som informantar var utfordrande. Det var vanskeleg å halde fokus på den avgrensa del av det store temaet jul som julemarkering i barnehagen er. Borna hadde vanskar med å halde fokuset, og resultatet vart data som var vanskelege å arbeide vidare med. Det stod fram som usikkert med tanke på empiri og for krevjande for arbeidet med denne bacheloroppgåva. Dette kan seiast å vere hovudgrunnen til at vaksne informantar vart valt, og at det vart gjort individuelle kvalitative pre-strukturerte intervju. Likevel står arbeidet med pilotundersøkinga att som nyttige erfaringar som tilseier at fokusgruppeintervju kan vere ein god metode til å samle inn empiri. Til dømes knytt til arbeid med medverknad i barnehagen og i evaluering av eige pedagogisk arbeid.

3.5. Val av metode

Ved bruk av kvantitativ metode kunne denne oppgåva avdekka kva innhald barnehagelærarar la vekt på i si formidling ved markering av jul i barnehagen. Derimot er det vanskeleg å sjå føre seg at det er mogeleg å gå i djupna på detaljar knytt til formidlinga, bakgrunnen for vala og didaktikken utan å måtte standardisere og generalisere dei svar som informantane kunne velje. Det er i denne oppgåva difor valt kvalitativ metode. Empirien i oppgåva kjem frå tre pre-strukturerte individuelle kvalitative intervju. Kvalitativ metode som utgangspunkt for refleksjon og ein måte å gå i djupna på noko høver oppgåva når ønska empiri var ulike formar for forståingar knytt til innhald, rammeverk og didaktikk. For å få eit svar på problemstillinga eigna individuelle kvalitative intervju seg sidan det vil kunne få fram individuelle oppfatningar og meiningar (Jacobsen, 2015, s. 89).

Individuelle intervju vart difor valt framfor fokusgruppeintervju, som omtalt avsnitt 3.4 (s. 9-10). Ein anna fordel med individuelle kvalitative intervju er at det kan vere eit utgangspunkt for det å skape tillit mellom informant og intervjuar. Den som vert intervjuet treng heller ikkje å ta omsyn til andre, og kan dermed ytre eigne meiningar og oppfatningar relativt fritt (Jacobsen, 2015, s.89). At eit intervju er pre-strukturert vil seie at det ikkje er heilt ustrukturert og ope, men gjerne då med ein intervjuguide som gjev ein oversikt over kva tema ein ynskjer å vere innom (s. 90). Intervjua i denne oppgåva vart gjennomført med intervjuguide (Vedlegg 2). Det som var vurdert til å vere dei viktigaste spørsmåla vart sendt ut på førehand saman med informantbrevet (Vedlegg 1). I det same brevet stod det at det kunne komme oppfølgingsspørsmål. At informantane ikkje fekk same oppfølgingsspørsmåla kan sjåast på som ei feilkjelde og ei ulempe ved val av metode i denne oppgåva. Samstundes gjorde dette at intervjuet kunne gje rom til å stille spørsmål knytt til

dei ulike svara som informantane gav. Oppgåva legg til grunn at det då var større rom for nettopp å ytre og utforske informantane sine meiningar i intervjuet. Det låg ved definisjonar av omgrepa formidling, markering og didaktikk, dette vart gjort for å sikre felles forståing og dermed gjere det enklare for informanten å forstå spørsmåla (Vedlegg 1). Samstundes kan dette seiest å vere ei kjelde til systematiske feil som omtalt i avsnitt 3.2 (s. 8). Det kan ha fått informantane til å svare det dei oppfatta som sosialt ynskjeleg på bakgrunn av spørsmål og definisjonar som låg ved.

3.6. Etske omsyn – informert samtykke og konfidensialitet

Etske omsyn i arbeidet med denne oppgåva er tatt i vare gjennom arbeid med informert samtykke og konfidensialitet. For å kunne gje eit informert samtykke, og delta i ei undersøking på frivillig basis, må ein person vere kompetent og forstå kva undersøkinga skal nyttast til (Jacobsen, 2015, s. 14). Fire hovudkomponentar knytt til informert samtykke; kompetanse, frivillighet, full informasjon og forståing, er teke omsyn til i arbeidet med denne oppgåva (s. 31). Då borna blei intervjuet i pilotundersøkinga var dette i samråd med styrar og pedagogisk leiar i den aktuelle barnehagen. Det blei vurdert at undersøkinga ikkje ville føre med seg ulemper for borna og at dei var sikra konfidensialitet. Med dette vert det gitt ein garanti frå undersøkar, her barnehagelærarstudenten, om at det ikkje er mogeleg å knytte namn til andre opplysningar (s. 14). Då borna vart førespurt om å vere med vart det lagt til rette for at dei kunne seie at dei ikkje ønska å delta, og rammene for fokusgruppeintervjuet vart forklart på ein måte som var tilpassa alder og individuelle føresetnadar.

I dei tre intervjuet gjort med barnehagelærarane vart det først sendt ut informantbrev til styrarane i dei aktuelle barnehagane (Vedlegg 1). Desse gav så samtykke til at studenten kunne kontakte eigna informantar i personalet. Dei som ønska av personalet fekk tilsendt vedlagt informantbrev pr. epost. I informantbrevet var det, på same måte som i pilotundersøkinga, lagt opp til at informantane vart lova konfidensialitet som nemnt over. Informantbrevet tok også i vare det å gje tilstrekkeleg informasjon om kva føremålet med intervjuet var og korleis data som vart samla inn skulle nyttast. I starten av intervjuet vart det snakka om innhaldet i informantbrevet for å sikre forståing og understreke at informantane kunne trekke seg når dei måtte ønske.

Det er valt å kalle dei som vart intervjuet for informantar, eller nærare bestemt informant 1, informant 2 og informant 3. Det understrekar at dei i tråd med definisjonen på informant har god kjennskap om den aktuelle gruppa det er ønska å knytte empirien til (Jacobsen, 2015, s.114). I denne oppgåva barnehagelærarar i barnehagar. Faren for å identifisere informantane aukar ved eit lite utval (s. 34). Med eit avgrensa tal på informantar og eit avgrensa geografisk område desse er henta frå vert det tilstreba lav detaljeringsgrad på data som eit ledd i å sikre konfidensialitet (s. 34). Dei som er intervjuet vert difor ikkje presenterte med anna bakgrunnsinformasjon enn at dei, i tråd med kravet til deltaking i undersøkinga, var ferdig utdanna barnehagelærarar. Alle hadde markert jul i barnehagen saman med dei eldste borna tidlegare. Dei hadde alle

fleire års erfaring frå arbeid i barnehage, og var pedagogiske leiarar då intervjuet fann stad. Alle informantane var kvinner, men dette var tilfeldig og ikkje eit krav ved førespurnad til barnehagane.

4. Empiri og drøfting

4.1. Motvekt og grunnleggande verdiar

Informantane hadde alle med julekalender då dei fekk spørsmål om kva som var jul i deira barnehage. Informant 1 og informant 2 hadde juleevangeliet, eller juleforteljinga som dei også kalla den, oppdelt i 24 delar som kalender. Juleevangeliet er Lukas 2,1-21 i bibelen (Sødal. 2016, s. 198). Alle informantane tok utgangspunkt i juleevangeliet og omarbeidde teksten til eit språk og innhald tilpassa alder på barnegruppa. Omgrepet juleforteljing vert nytta for desse omarbeidde versjonane av juleevangeliet i teksten vidare. Den tredje barnehagen hadde noko informant 3 kalla ein «vennekalender» med papirharte med tal på som ungene hengte opp i barnehagen eller fekk med seg heim. To av dei tre informantane fortalte at dei markerte Lucia som ein del av julemarkeringa i barnehagen. To av informantane fortalte at dei laga gåver. Av andre arrangement så fortalte informant 1 om at deira barnehage hadde nissemarsj og juletrehenting. Informant 2 og 3 fortalte om nissefest.

Ei oppsummering opp mot Sødal si liste over juletradisjonar nemnt i avsnitt 2.1 (s. 4), vert at alle barnehagane hadde julenisse, to av tre fortalte om Lucia-markering og denne eine barnehagen fortalte om at dei henta juletre.

På spørsmål om kva informantane likte best ved markering av jul i barnehagen svarte dei noko likt. «Ro» var alle innom i svara sine. Informant 1 sa «Eg likar det å få til den roen då. Julemusikk. Lage julepynt. Det er den julestemninga eg eigentleg leitar etter». Ho snakka vidare om kvardagsopplevingar: «Men altså julestemning det er jo òg å opne ei mandarin og kjenne på den gode lukta». Informant 2 svarte at ho likte å markere jula i barnehagen no som det var fokus på at desember skal vere ein månad der ein senkar skuldrane og roar ned. Med alt som skjer utanfor barnehagen i desember såg ho behovet for å vere ein stad der ungene får «lande litt». Informant 3 likte best det å synge, danse og ha samling med borna. Ho var glad i tradisjonane som til dømes det å leite etter nissen i skogen, det å kunne sette seg ned med ungene, å bake og å høyre på julemusikk.

Alle informantane snakka om at det er «stress» i samband med juletida, og var som nemnt over innom det «å finne roen», og det å «ha ro» som ein viktig del av julemarkeringa i barnehagen. Informant 1 ville at ungene skulle oppleve julestemning og erfare at det ikkje skal så mykje arbeid og materiell til for skape ei god julemarkering. Å ha tid til ungene var noko anna ho snakka om som viktig. Det var hennar erfaring at borna gjerne vart leverte tidleg og henta seint i desember. Ho la vekt på det å erfare ro og avslapping i barnehagen, og det å få kunnskap om å vere gode mot kvarandre. Både informant 1 og informant 2 snakka om det å prioritere for å ha tid til det ein vel å gjere ved markering av jul skikkeleg. Informant 2 sa at «det er lenge

sidan vi [personalet i barnehagen] begynte å snakke om at det [julemarkering i barnehagen] var mykje stress og styr og mas». No var fokus at borna skulle bli kjende med kva jul er, og vekta låg på det å vere gode med og respektere kvarandre. Informant 2 gav to dømer. Det første var at fokus var på å glede dei gamle når barnehagen besøkte sjukeheimen ved markering av Lucia. Det andre omhandla foreldrekaffen:

Når det er julekaffi for foreldra er fokuset på å skape gode opplevingar saman framfor å ha brukt mykje tid på pynting. (...) At vi snakkar med dei [ungane] at det er så mykje betre å bruke tida på det enn at alt skal vere så strøkt og flott (Intervju med informant 2).

Informant 2 skildra vidare julemarkeringa i barnehagen som ei motvekt til at samfunnet legg opp til at ein skal ha og vere med på mest mogeleg:

Det blir meir og meir dette med roen og kva som er verdiane med jula som vi snakkar om i staden for alt det andre rundt. Det får privatheimane ta seg av. Samfunnet er blitt sånn at det er om å gjere å ha mest mulig og vere med på mest mulig. Det er blitt veldig ekstremt (Intervju med informant 2).

Ho meinte at innhaldet i julemarkeringa nettopp var valt ut i frå dette, og sa at dei snakka mykje blant personalet om det å prøve å senke skuldrane og som ho sa «å prøve å få ungene til å sjå at det er ikkje om å gjere å ha mest mulig, men rett og slett vere ilag, sånn at alle opplever at dei har det kjekt ilag». I barnehagen hennar hadde dei gjort eit medvite val om færre arrangement og færre julegåver for å ha tid til å vere saman med borna. Til dømes hadde femåringane gått frå å lage kalender med tolv teikningar eller bilete, til å måle eit krus. Kalender var for mykje arbeid og eit stress for ungar og vaksne i barnehagen. Borna pakka heller ikkje inn gåva lenger, men fekk ein fin papirpose som dei kunne putte den oppi.

Informant 3 sa ikkje noko om julegåver. Ho la vekt på mattradisjonane i barnehagen: «Dette med at vi skal lage god mat. Julemat. Det er ein tradisjon». Å vere gode med kvarandre og vise respekt var trekt fram som viktig knytt til julemarkeringa:

Det dei [ungane] skal få oppleve at vi er eit fellesskap. At vi skal vere gode med kvarandre. Vi skal ha respekt for kvarandre. Og så er dette her med samhold gjennom jula viktig. Juleaktivitetane. Og dei skal få erfare dette med å vere med å lage desse tradisjonane. Dei skal lære seg å stå for maten (Intervju med informant 3).

Informantane er i teksten over innom verdigrunnlaget nemnt i avsnitt 2.3 (s. 5-6). Måten informant 2 snakkar om besøka på sjukeheimen, foreldrekaffen og det å glede andre kan mellom anna seiast å gå under omgrepet nestekjærleik i rammeplanen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 7). Respekt i den form som informantane

snakkar om kan både vere ein viktig del av danninga i barnehagen og det kan setjast inn under nestekjærleik, likeverd og solidaritet. Informantane viser med si vektlegging av verdiar som nemnt under denne overskrifta at dei freistar å formidle og praktisere verdigrunnet til barnehagen som rammeplanen slår fast at dei skal (s. 7).

Å legge vekt på å vere ei motvekt til «stress» i samfunnet og eit materialistisk fokus kan seiast å vere tråd med føremålsparagrafen. Ei grunngeving for påstanden er henta frå Sødal som skriv om føremålsparagrafen og samfunnsmandatet til barnehagen (Sødal, 2016, s. 14). Det som skjer i barnehagen skal vere til det beste for einskildbarnet og fremje eit fellesskap i barnehagen og samfunnet elles (s. 14). Meir om samfunnsmandatet til barnehagen kjem under avsnitt 4.2 (s. 14-15.) Å legge vekt på det å ha ro og tid til borna står til dømes fram som til deira beste. Dette gjeld også ei vektlegging av felles opplevingar som gleder born, foreldre og andre i nærmiljøet framfor det å produsere mange julegåver og delta på flest mogeleg arrangement. At borna skal få erfare at det ikkje skal så mykje arbeid og materiell til for skape ei god julemarkering, kan saman med fokus på opplevingar vere er eit ledd i å møte krav frå rammeplanen om å fremje mellom anna likeverd uavhengig av sosial status (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 10). Det same gjeld at ein legg vekt på felles opplevingar i barnehagen framfor å la julemarkeringa vere ei månadslang nedteljing til julefeiring i heimen til borna.

4.2. Rammeverk og inkludering

Informantane fekk spørsmål om korleis dei knytte arbeidet med julemarkeringa opp mot rammeplanen. Informant 1 svarte mellom anna at ho «brukar rammeplanen som eit verktøy» og for «å gjere månadsplanen og vekeplanen fullstendig». Ho gav døme på at ho forankra julemarkeringa i rammeplanen ved å skrive om toleranse og punkt frå fagområda *Mengd, rom og form* og *Kunst, kultur og kreativitet* (Utdanningsdirektoratet, 2017). Informant 2 svarte at «rammeplanen er utgangspunktet for alt arbeidet vi gjer i barnehagen. Sånn at der står det at du skal gjere ungene kjent med den kristne tradisjonen». Ho sa mellom anna at rammeplanen slår fast at ein skal vere innom alle religionane som er representerte i barnegruppa. Ho skildra at det framleis kom opp i diskusjonar:

Du har både dei som meiner vi er Norge. Her er det den norske religionen... her er det kristendommen som skal vere i fokus, og så kan det andre... Nokon trur eg kanskje er heilt der endå at det er ikkje så nøye med dei andre... då for det er berre ein eller to det gjelder. (...) Det er noko vi må jobbe med; kva betyr det som står der [i rammeplanen]. Det og har vi gått mange runder opp igjennom (Intervju med informant 2).

Informant 3 svarte at: «Når vi gjennomfører planane, så skriv vi ein del om kva for fagområde vi har innforbi dei forskjellige aktivitetane våre». Ho konkretiserte ved å forklare at rammeplanen blir brukt i skriftlege

grunngevingar som svarar på spørsmåla «kvifor gjer vi det?» og «korleis gjer vi det?». Ho hadde brukt eit standard skjema til å lage grunngeving for aktivitetane i desember. Avdelinga hennar hadde elles ei Facebook-side der dei la ut bilete, og under kunne dei skrive kva for fagområde dei jobba med.

Svara over viser at informantane har rammeplanen med i sitt arbeid med julemarkeringa, men det kan spørjast om kva som kjem først og sist. Om rammeplanen er utgangspunktet for kva aktivitetar ein skal ha, eller om det heller er slik at aktivitetane blir bestemt først og så finn ein stadfesting i rammeplanen etterpå. Og i så fall, ville vektlegginga vore annleis om det var motsett?

Høgtidsmarkering vert i denne oppgåva sett som viktig for både inkludering og danning og som ein sentral del av fagområdet *Etikk, religion og filosofi* (Utdanningsdirektoratet, 2017). Korleis står Gudmund Hernes si skildring av Kristus-tru og kristen tradisjon i avsnitt 2.4 (s. 7) seg i dag? Sagberg skriv at det stadig er debattert i kva grad trua og tradisjonane er ein sameinande faktor (Sagberg, 2010, s. 220). Gjer dette at ein må tenke nytt for å vere inkluderande? Er barnehagen sitt innhald i julemarkeringa i tråd med godt danningsarbeid? Fleire lovendingar har over ein periode på over 40 år gradvis gjort at skulen sitt religionsfag har vore på veg vekk frå at kyrkja påverkar den (s. 204). Arbeidet med denne oppgåva aktualiserer påstanden om at det same har skjedd i barnehagen. Sagberg skildrar at debatten kuliminerte i 2009 då nye føremålsparagrafar kom i skule og barnehage. Han skriv at der det før stod om kristen oppseding kom det no at barnehagen skulle byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon (s. 205). Sødal viser til dei same politiske hendingane og omtalar Bostad-utvalet og Stortinget sitt arbeid i denne perioden (Sødal, 2016, s. 20-21). Med uttrykket «kristen og humanistisk tradisjon» seier ho at dei gav til kjenne den historiske og kulturelle innverknaden som kristendom og humanisme har hatt (s. 21). Dette står enno i rammeplanen som kom i 2017 som nemnt i avsnitt 2.3 (s. 5).

4.3. Anerkjening, integrert plural identitet og profesjonelt arbeid

Å gje merksemd til kvar einskild av ungane var noko alle informantane fortalte om i samband med samlingar med julekalender i desember. I alle barnehagane fekk borna til dømes pakke opp ein pakke frå kalenderen kvar, og i samband med det fekk dei ekstra merksemd. Informant 2 sa i intervjuet at julemarkeringa er ein måte for dei med anna kulturell og religiøs bakgrunn å bli kjent med kva som er tradisjonen her i Noreg. Samstundes var ho innom eigne tankar rundt vektlegging av den kristne tradisjonen. Ho sa at:

Men så likevel så ser vi at det er den kristne religionen som står sterkt i Norge i alle år, så automatisk blir den markert litt meir enn kva dei andre. Men at dei andre og skal markerast. Men sånn som når du kjem til jul, så er det klart at den blir markert meir enn når vi for eksempel når vi tar id for muslimane. Den og skal markerast. Men det blir likevel ein sånn kortare, mindre format enn jula. (...)

Det har jo vore så mykje debatt rundt den norske jula at det nesten høyrer ut som ein skal fjerne det

heilt og berre nett fortelje at det finst. Men eg tenkjer det at det er noko med den norske kulturen og tradisjonen, når ein legg det fram som ei forteljing, og som noko som er... noko som vi har i vår bagasje... vi har vokse opp med så må det på ein måte, eg syns det bør, komme fram det òg. Men det er jo mi personlege meining (Intervju med informant 2).

Informant 3 sa at avdelinga hennar hadde brukt julemarkeringa til å hente inn informasjon og presentere andre religionar tidlegare år. Eit døme var at dei førre året hadde hatt bøker retta mot arabiske ungar. Ho utdjupa at:

Vi hadde då om julemarkeringa i den kristne trua, men òg i forhold til korleis... Kva dei andre trur på. Ikkje korleis dei markerer det men kva dei trur på. (...) Sånn at det ikkje er fokus på at «det er rett» eller «det er rett». Det er liksom dette med å samle kva er dei forskjellige religionane (Intervju med informant 3).

Ein kan seie at denne typen merksemd nemnt øvst i dette avsnittet møter noko av rammeplanen sitt krav om at ein skal å sjå barnet. Under avsnittet *Mangfald og gjensidig respekt* står det at alle born skal oppleve å bli sett og anerkjende for den dei er (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 9). Samstundes kan ein sjå føre seg at det å anerkjenne til dømes kultur- og livssynsbakgrunnen til det einskilde barnet er noko som krev meir enn at born får vere den som skal trekke kalenderen eller bli spurt om kva dei har lyst til å gjere på i barnehagen i jula. Det vert ikkje prioritert å definere anerkjening anna enn at det i denne oppgåva er eit omgrep knytt til dialektisk relasjonsteori (Lundestad, 2017, s. 228). Dei hovudpunkt som er viktige her er anerkjening som noko utover ros og respekt. Det handlar om at menneske berre utviklar seg i samspel med andre, og at som støtte til denne utviklinga er anerkjening og likeverd det som må prege relasjonane (s. 228-229).

Arbeid med religionar som informant 3 er inne på i sitatet over kan vere eit steg i retning av dette. Samstundes som det står fram som eit stort tema å inkludere i markering av jul. Elles kan til dømes ei kartlegging av kva kultur- og livssynsbakgrunn borna har ved oppstart i barnehagen tenkast å vere eit godt utgangspunkt for arbeidet ein skal gjere i barnehagen. Eit samarbeid med foreldra er lovpålagt, jamfør barnehagelova sin føremålsparagraf som sitert i avsnitt 2.3 (s. 5).

Kan rammeverket svare på kva barnehagelæraren kan formidle vidare av tradisjonar og kulturell og religiøs «bagasje»? Den første staden å sjå etter svar er i verdigrunnlaget til barnehagen som sitert i avsnitt 2.3 (s. 5-6). Eit verdigrunnlag som det står, i samarbeid med heimen, skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet. Då også ved markering av jul.

Fagområdet *Etikk, religion og filosofi* i rammeplanen seier at borna skal få kjennskap til markering av merkedagar, høgtider og tradisjonar i kristen kulturarv, andre religionar og livssyn som nemnt i avsnitt 2.3 (s. 6). Informantane var opptekne av fagleg diskusjon kring spørsmålet om forkynning eller formidling, men det kom mindre fram tankar kring det at julemarkeringa tek ein heil månad av barnehageåret. Er det ei vektlegging i samsvar med grunnleggande verdiar som til dømes likeverd? Kva seier rammeverket om ein freistar å sjå det som står der i heilskap? Rammeplanen forankrar verdiane i kristen og humanistisk arv og tradisjon, men òg i menneskerettane, ulike religionar og livssyn (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 7). Arbeidet med denne oppgåva peikar på at rammeplanen skriv mykje som kan nyttast til fordel for ein praksis der det informant 2 kalla «etnisk norsk» og «vår bagasje» vert utfordra av andre kulturar representerte i barnegruppa og i samfunnet. Det vert prioritert å ta med to andre dømer. Den første er henta frå avsnittet som er nemnt over; *Mangfald og gjensidig respekt* (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 9). Her står at barnehagen skal synleggjere den einskilde sin plass og verdi i fellesskapet (s. 9). Den andre er under same avsnitt, og seier at «Barnehagen skal bruke mangfald som ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrkje og følgje opp barna ut frå dei kulturelle og individuelle føresetnadane» (s. 9). Kva seier dette om ei julemarkering i barnehagen som vektlegg mykje av det same år etter år? Korleis speglar dette barnegruppa?

Å snakke om arbeidet i barnehagen som profesjonelt står fram som relevant for denne oppgåva. Meir om dette i avsnitt 4.6 (s. 21-22). Thoresen og Winje skriv at institusjonaliseringa av barn frå eittårsalder endrar barndom og barndommen sin eigenart (Thoresen og Winje, 2017, s. 79). Generelt, og i spørsmål knytt til religion og til dømes julemarkering i barnehagen, kan det vere ulikskapar mellom kva foreldra og barnehagen definerer som «barnet sitt beste» (s. 79). Er barnehagepersonalet, som profesjonelle yrkesutøvarar, sensitive og reflekterte nok i møte med desse utfordringane og dilemma? Barnehagelæraren tek stadig val med konsekvensar for barnehageborna, også i si formidling knytt til julemarkeringa (s. 79). Rammeplanen slår under avsnittet *Likeverd og likestilling* fast at personalet, for å best mogeleg kunne formidle og fremje likeverd og likestilling, må reflektere over eigne haldningar (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 10). Dette samsvarar med teorien knytt til barnehagelærarprofesjonen som eit relasjonelt yrke nemnt i avsnitt 2.5 (s. 7).

Den europeiske menneskerettsdomstolen handsama aktivitetar og innhald i grunnskulefaget Kristendom, Religion, Livssyn og Etikk (KRLE). Det vart då presisert at religionar og livssyn skal behandlast objektivt, kritisk og på ein pluralistisk måte (Thoresen og Winje, 2017, s.101). Yngre born vart i samband med arbeidet med KRLE-faget sagt å vere «lettere påvirkelige» (s. 101). Kan ein sjå vekk frå at dette gjeld borna ein jobbar med i barnehagen? Som eit framhald til å handsame religionar og livssyn pluralistisk viser Thoresen og Winje til religionspedagogen Sissel Østberg. Ho skriv i si forking om det å gå frå å skildre born sin identitet som truga eller splitta til å nytte omgrepet integrert plural identitet (s. 129). Østberg skriv om norske barn med pakistansk, muslimsk familiebakgrunn. Omgrepet er teke med her fordi det står fram som sentralt å sjå det i samanheng med temaet for oppgåva. Plural viser til fleire eller mange, og integrert viser til at borna ikkje

opplever ulike identitetar som splitta eller i konflikt (s. 129). Eit døme knytt til denne oppgåva kan vere at barn med kristenkulturell bakgrunn, født og oppvaksne i Norge, ikkje opplever sin norske identitet som truga dersom barnehagen ikkje brukar ein heil månad på å markere jul i desember. Kan omgrepet integrert plural identitet vere eit argument for arbeidet med å likestille religionane i barnegruppa? Eit anna aspekt er om tankar rundt omgrepet integrert plural identitet kan opne for diskusjon om foreldra i større grad kan ta i vare julemarkeringa heime som informant 2 er inne på? Denne diskusjonen vert ikkje prioritert her.

4.4. Medverknad

Informant 1 sa om planlegging av jul at: «Vi har jo personalmøte som vi... Med avdelingsmøte... Der vi på ein måte legg løpet for desember. Kva vi har lyst til å gjere. Vi snakkar òg litt med desse eldste ungane om kva dei har lyst til å gjere». Ho fortalte at dei hadde innkjøpsstopp i barnehagen. Difor var det bestemt at dei skulle ta fram alt av formingsmateriell og la ungane få velje sjølv kva dei ville lage utifrå dette utvalet. Hadde det ikkje vore innkjøpsstopp gav informant 1 uttrykk for at ho kunne tenke seg å gjere innkjøp av materiell til julegåveproduksjon frå katalogar. Informant 2 nemnte ikkje noko om medverknad frå ungane i planlegging av julemarkering. Hjå informant 2 hadde personalet bestemt faste gåver etter kva alder borna var; eitt- og toåringane laga handtrykk, treåringane ein lysestake, fireåringane ei julekule og femåringane dekorerte eit krus. Informant 3 omtalte medverknad i samband med planlegging av innhaldet i julemarkeringa. Ho sa at ungane fekk planlegge kva aktivitetar dei ønska å ha og velje om dei ville ha samling ute eller inne. Vidare sa ho at: «Dei er òg med å velje bøkene som vi skal ha igjennom samling då. Sånn at det er ganske mykje medverknad i forhold til ungane».

I temaheftet om dei minste i barnehagen skriv Ninni Sandvik om medverknad på ein måte som gjer det aktuelt utover dei yngste aldersgruppene og relevant for denne oppgåva:

Samtidig kan man tenke at det å ha innflytelse og medvirkning handler om å sette sine egne spor. Når man setter sine egne spor i omgivelsene, erfarer man at man er noen, man erfarer at det nytter, at man kan gjøre noe med sin egen situasjon, sitt eget liv. Man beveger seg fra å lete etter andres svar, til å finne sine egne. (Sandvik, 2006, s. 20).

Er det i formidlinga lagt vekt på medverknad i den grad som sitatet over skisserer? Medverknad kan sjåast i lys av samfunnsmandatet og det å yte alderstilpassa hjelp som nemnt i avsnitt 2.4 (s. 6). Vil borna tileigne seg samfunnet sine grunnleggande normer og verdiar om dei sjølv fekk velje innhaldet i formidlinga ved julemarkering? Oppgåva sluttar seg til det Sødal kallar brei einigheit om at born i barnehagealder ikkje er modne til å ta avgjersler om eiga opplæring og oppdraging (Sødal, 2016, s. 14). Samstundes må det vere medrekna i barnehagelæraren sitt arbeid at ungane skal vere aktivt deltakane i planlegging og vurdering av barnehageverksemda (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 27). Ein medverknad som skildra i Sandvik sitt sitat

er eit ideal å strekke seg etter. Julemarkeringa står fram som ein viktig del av barnehageåret, noko som aktualiserer behovet for eit systematisk arbeid med born si medverknad.

Eit anna spørsmål er om medverknaden frå borna vert lagt mindre vekt på enn dei årvisse tradisjonane i barnehagen? Tradisjonar som i møte med eit didaktisk «kvifor» svarar med «det alltid har vore gjort sånn» og «sånn vil vi ha det i vår barnehage». Det å lage dei same gåvene år etter år som nemnt over, eller det å sjå til katalogar for å finne julegåver kan vere dømer. Det kan vere ein veg inn i det Ann-Hege Lørvik Waterhouse i boka *I materialenes verden* kallar «hobbyfella» (Waterhouse, 2016, s. 172). Ho viser til det «at man lager både «fine og artige ting» uten en faglig begrunnelse» (s. 172-173). Oppgåva knyt dette til det å lage gåver ved markering av jul. Å utforske velkjent materiale i fellesskap med borna er ei didaktisk utfordring for barnehagelæraren (Pålerud, 2013, s. 65). Å gjere det som er kjent, gjort før, og å ta i bruk ferdige opplegg verkar å freiste i ein hektisk barnehagekvardag. Ved julemarkering som anna arbeid vert vanar etablert nærast umerkeleg. Dei kan vere vanskelege å sjå og bryte ut av. Utviklar det seg ein kultur i barnehagen der ein går i dei same spora jul etter jul? Ein påstand vert at innkjøpsstoppen hjå informant 1 førte til at barnehagelæraren måtte tenke nytt, og at ungane kanskje fekk eit friare materialval og eit betre utgangspunkt for si skapande verksemd?

Ei tilnærming der barnet får servert den detaljerte oppskrifta på ei type julekule er å påstå som meir akseptert enn å til dømes la julegåva vere eit resultat av at ungane fekk leike med måling. Resultatet er erfart definert som mykje søl og at det barnet malar vert for mykje maling på. Ein vane denne oppgåva meiner det er nyttig å utfordre barnehagelæraren og barnehagen på. Ei tilnærming der ein slepp kontrollen på til dømes ei maleøkt kan vere magisk, eller den vaksne kan definere det som ein fiasko (Waterhouse, 2016, s. 173). Spørsmålet vert om det ikkje er verdt å legge vekt på å kunne skape magi i prosessen, og la det påverke barnet si oppleving av både prosess og resultat? Eit produkt av ein skapande prosess og ikkje berre eit resultat av ei god oppskrift. Det er lett å finne heimel i rammeplanen for ei vektlegging som tek sikte på å ta steget vekk frå vanar og «det vi alltid har gjort». Til dømes står det under *Kunst, kultur og kreativitet* at ungane skal få støtte til å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 50). I same avsnitt står det at dei kunstnariske og kulturelle uttrykka som borna møter i barnehagen skal vere ulike og spegle eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar (s. 50).

4.5. Formidling – forkynning eller markering

Ingen av barnehagane til informantane i denne oppgåva hadde valt vekk forankringa av verdigrunnlaget jamfør barnehagelova paragraf 1a som nemnt i avsnitt 2.3 (s. 6). To av barnehagane hadde som nemnt juleforteljinga som kalender. Informant 1 pakka opp forteljingar i kalenderen sin og desse vart lesne og hengt opp på veggene. Ho sa at «Dei [ungane] skal lære litt om historia og kvifor vi feirar jul». Informant 1 snakka generelt om det å legge til rette for leik ved julemarkering. Ho sa at «Og så er det jo leiken oppi alt det her. Som vi må ta vare på. Sånn at det ikkje blir sånn... vi får ikkje leike». Hjå informant 2 var delane til julekrybba tilgjengelege etter kvart som dei vart pakka ut av julekalenderen. Då stod dei framme på eit eige rom i heile

desember. Ho hugs attende til for omlag 20 år sidan då det var familiar med eit humanetisk livssyn som ikkje ønska at ungane deltok i samlingsstunda i desember. Ho tok med eit døme som argument for at det var ei meir forkynnande formidling i barnehagen då. Det handla om at ei avdeling hadde vaska føtene til borna ved markering av påske i barnehagen. Ho sa at:

Det trur eg på ein måte er heilt utenkeleg no, men det er gjennom masse bearbeiding, og vi har jobba mykje med. Det er heilt greitt kor ulike vi er og det vi trur på, men i barnehagen så må vi på ein måte klare å vere profesjonelle, og tenke at okay; vi har rammeplanen å forholde oss til (Intervju med informant 2).

Informant 3 sa at dei ikkje har bestemt seg for korleis dei skulle formidle juleforteljinga dette året. Førre året hadde dei hatt julekrybba ståande framme. Ho sa at: «Og då hadde eg laga ein eigen historie ut av det og berre brukte dei som konkretar. At dei kom ridande og så blei det ein baby oppi der og den heitte Jesus. Litt sånn sant? Heilt enkelt». Vidare sa informant 3 noko om at:

I år er eg usikker fordi at... det har ikkje vore snakk om så mykje på dei andre avdelingane heller. Korleis vi skal gjere det. Så om at eg presenterer det for voldsomt? (...) Vi har begynt å ta den [diskusjonen] her i vår avdeling. For kva er det som er forkynnande og kva er det som er ein formidlingssituasjon. Eg tenkjer at det... Visst at eg tenkjer for min eigen del så syns eg det er ein formidling, det er ikkje ein forkynnelse. For alle har lova og så... For det er ei forteljing. Eg lagar det til som forteljing (Intervju med informant 3).

I arbeidet med oppgåva var det forventa at det skulle vere meir omsnakka kva som skil feiring og markering som omtala i avsnitt 1.2 (s. 4). Etter å ha gjennomgått intervjuet er det meir nært empirien å snakke om forholdet mellom forkynning og markering. Forkynning er i denne oppgåva definert som ei form for formidling som er engasjert og narrativ til skilnad frå ei formidling som er nøytralt forklarande (Sagberg, 2001, s. 269). Forkynning vert her sett som ei formidling som høver feiring av jul som definert i avsnitt 2.1 (s. 4). På utsegn sitert over ser ein at markering er forstått som pedagogisk aktivitet. Markering omhandlar då å formidle kunnskap om, og gje spesiell merksemd til ei høgtid jamfør avsnitt 2.1 (s. 4). Noko informantane snakkar om gjennom å fortelje om kva dei vektlegg i si formidling. Feiring, som omgrep med rom for personleg tilslutning til trusinnhaldet i ei høgtid er nemnt i same avsnitt 2.1 (s. 4). Sitat frå informantane viser at det er ei utfordring å trekke klare skilje mellom desse i talespråket. Informant 1 sitt «kvifor vi feirar jul» henta frå sitatet over er eit av fleire dømer her. Oppgåva held fast på Sødal sin konklusjon som nemnt i avsnitt 2.1 (s.4) om at grad av aktiv deltaking og personleg tilslutning gjer feiring til ein aktivitet for heimen og trussamfunna, medan markering eignar seg i barnehagen.

Empirien som ligg til grunn i denne oppgåva gav ikkje grunnlag for vidare drøfting av i kva grad juleforteljinga til informantane var forkynnande eller formidla i tråd med å markere og ikkje feire jula. Det vert heller stilt spørsmål om kva som ligg til grunn for å formidle juleforteljinga gjennom 24 luker i ein kalender eller gjennom ei julekrybbe som står framme? Skilnaden ser ut til å gå meir på at to av barnehagane valte å bruke konkretar. Begge desse formidlingane kan finne støtte der rammeplanen slår fast at leik, læring og danning skal sjåast i samanheng (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 7).

Denne oppgåva går ikkje djupare inn i kva for formidling som fremjar leik, men slår fast at begge dei to som nytta konkretar la vekt på at dei skulle vere framme og innby til leik. Særleg gjaldt dette barnehagen som hadde eit heilt rom reservert til julekrybba og leik med den i desember. Gjennom å ha konkretar tilgjengeleg for leik etter dei felles samlingane ved julemarkeringa møter personalet krav om å ta i vare born sitt behov for leik (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 20). Det informant 1 sa om leik på meir generelt grunnlag peikar mot at det er ein likskap når det kjem til det å sjå tilrettelegging for leik som viktig ved markering av jul i barnehagen. Samstundes kan det peike mot at leik var vektlagt ulikt ved formidling av juleforteljinga. Borna sin leik er viktig i arbeidet med alle fagområda i barnehagen (Thoresen og Winje, 2017, s. 102). Å legge til rette for leik knytt til formidling ved julemarkering må difor kunne sjåast på som viktig.

4.6. Formidling – planlegging og evaluering

Alle informantane snakka om ulike møter som ein arena for planlegging og evaluering av julemarkering i barnehagen. Informant 1 fortalte at dei har personal- og avdelingsmøte der dei planla og evaluerte, samt at dei snakka med dei eldste borna. Om evaluering sa ho at: «Det blir litt meir sånn fortløpande underveis. (...) Ein vil alltid følgje med og sjå kva som fungerer og justere undervegs eigentleg». Ho var oppteken av kva borna har fått med seg av formidlinga: «Ja, det vi prøvar å sjå er kva dei sit att med, spesielt i forhold til når du prøvar å formidle for eksempel juleevangeliet».

Dette vart ikkje nemnt spesifikt av dei andre informantane. Informant 1 sa at ho la formidlinga si opp etter det at ungar er ulike og ein må møte dei på ulik måte. Det vere seg til dømes gjennom dramatisering, lesing eller samtale knytt til bilete og konkretar. Ho hadde samtalar med borna i etterkant om kva dei hadde fått med seg: «Det blir på ein måte ein samtale, enten med lunsjbordet eller i samling». På spørsmål om kva ho kunne seie om didaktikken knytt til formidlinga si sa ho at den sat i kroppen hennar. Ho forklarte vidare at det var vekeplanen og tankane rundt korleis ein skal legge ting opp for å gjere det oversiktleg for alle.

Informant 2 fortalte at generelle føringar kom frå personalmøta og at detaljplanlegging gjekk føre seg på avdelingsnivå. Barnehagen hennar hadde avdelingsmøte og møte med naboavdelingane ein gang i månaden. Dei hadde eit felles årshjul for heile barnehagen som skildra hovudtrekka i forhold til arrangement og markeringar i barnehageåret. Til evaluering brukte barnehagen til informant 2 møta, samt at dei hadde ein perm for kvar markering. Der samla dei alt frå innkjøpslister og oversikt over arrangement til evalueringar frå

personalet. Informant 2 sa at permen var «Sånn at andre skal vite okay då var det det som var bestemt, elles så har vi den diskusjonen kvart år».

Informant 3 sa at arbeid med planlegging var felles for dei avdelingane som er naboavdelingar i barnehagen. Elles så var noko tradisjonar som til dømes Lucia felles for heile barnehagen. Ho sa at:

Vi har avdelingsmøte kvar veke sånn at vi vurderer då og snakkar veka som gjekk. Og då er det positive og negative ting og kva vi kan då forandre på for at vi skal få ungane kanskje meir med. Ja, så at då er vi veldig opne for at vi på ein måte tenkjer litt kritisk på måten vi har gjort ting på. Det syns vi at er veldig viktig (intervju med informant 3).

Den møteverksemda som informantane nemner er i tråd med rammeplanen sitt krav om evidensbasert arbeid omtalt i avsnitt 2.3 (s. 6). Informant 2 og 3 skildra deira planarbeid på ein måte som høver med kravet om å vere ein lærande barnehage. Ein kan sjå føre seg at møter på dei ulike nivåa og det å kombinere generelle føringar med detaljplanlegging på avdelingsnivå gjev rom for at heile personalet er inkludert i refleksjonar rundt etiske og faglege problemstillingar. Informant 1 har dette òg, samstundes som ho tek med den viktige dimensjonen som ligg i det å vere oppteken av kva ungane får med seg av formidlinga og korleis formidling må vere tilpassa kvart einskild av borna som nemnt over.

Tankar kring formidlinga kan konkretiserast gjennom å sjå til prosessbasert didaktisk tenking der heile mennesket er involvert i formidlinga (Becher, 2015, s. 28). Dette er omtalt med omgrepet kjennarskap. Det er der teori, erfaring og forskning heng saman og kjem til uttrykk gjennom kropp, vere- og tenkemåte hjå den som driv med pedagogisk arbeid (s. 28). At barnehagelæraren utviklar kjennarskap til den pedagogiske praksisen, her julemarkeringa i barnehagen, står fram som viktig. Ingen av informantane snakka om teori om høgtidsmarkering eller relevant forskning, men rammeplanen var hyppig nemnt. Alle gav uttrykk for at tema for oppgåva er svært interessant. Eit kjennarskap står ikkje fram som fullstendig utan at både teori og forskning er med. Det kan vere naturleg å trekke ein parallell til vanar som nemnt i avsnitt 4.4 (s. 19). Kva er føresetnaden for profesjonelt skjønnsbasert arbeid i barnehagen, når det ligg til grunn eit mangelfullt kjennarskap, og ein står i fare for å vere ein del av eit miljø med privatpraktiserande personale?

5. Konklusjon

5.1. Metode

Å nytte kvalitativ metode stod tidleg fram som det rette for denne oppgåva, samstundes som det har vore eit spennande og utfordrande metodeval. Eg har eit sterkt engasjement i forhold til tema for oppgåva. Det gjorde at eg hadde mange tankar om kva empiri eg ønska å sitte att med. Ei utfordring når arbeidet skal vere i tråd med induktiv tilnærming nemnt i avsnitt 3.2 (s. 8). Eigne tankar har vore både forstyrrende og

motiverande. Dei har skjerpa fokuset mitt og sett på dagsorden arbeidet med egne dugleikar knytt til metode. Til dømes har det å ta rolla som intervjuar lært meg mykje. Å freiste å vere nøytral var ei utfordring. Eg opplevde til dømes at informantane søkte stadfesting på utsegn og meiningar hos meg. Ein del av erfaringane eg gjorde meg i intervjuet let seg ikkje overføre frå ein informant til den neste. Det har slått meg at eg i større grad var innstilt på ulik respons på spørsmåla og ulike veremåtar i pilotintervjuet med borna enn då eg møtte dei vaksne.

Konklusjonen min er at eg meiner å sitte att med empiri som er eit godt utgangspunkt for refleksjon og fagleg diskusjon, noko som er gjort greie for i avsnitt 4 (s.12-22). Formidling ved julemarkering er eit tema som eg vil jobbe meir med som barnehagelærer. Det er noko eg gjerne kunne gått meir i djupna på for å skaffe ytterlegare innsikt og eit større teorigrunnlag. Det hadde vore interessant å møte fleire barnehagelærarar for å få empiri nok til å trekke konklusjonar med betre validitet og reliabilitet. Det kunne vore aktuelt å gjere fleire pre-strukturerte kvalitative intervju for å få meir empiri av typen nytta i denne oppgåva. Ein annan veg vidare kunne vore meir kvalitativ metode i form av fokusgrupeintervju. Då gjerne med både fleire barnehagelærarar og born. Det står fram som spennande å gjere eit nytt forsøk på å spørje ungane om kva dei opplever at julemarkeringa i barnehagen er, og kva dei ville ha lagt vekt på. Dersom eg skulle gjere nye fokusgrupeintervju med born måtte eg ha øvd meir.

Kvantitativ metode, som mellom anna kan gje ei oversikt og stadfeste eller avkrefte teoriar som nemnt i avsnitt 3.3 (s. 9), kunne vore ein del av vegen vidare. Eg tenkjer at eg til dømes kunne spørje alle barnehagar i Vestland fylke kva for vektlegging dei har ved markering av jul. Ein konklusjon knytt til metode er at eg støttar eit pragmatisk metodeperspektiv nemnt i avsnitt 3.3 (s. 9), som kallar begge metodane for jamgode og legg vekt på at dei utfyller kvarandre. I ei oppgåve av denne storleiken, og med ei klår avgrensing i tid meiner eg at det var rett å velje berre ein metode. Eg opplevde det som rett å starte arbeidet med temaet med å skrive denne oppgåva basert på tre pre-strukturerte kvalitative intervju.

5.2. Skal vi leike med Jesus?

Kva legg barnehagelærarar i tre ulike barnehagar vekt på i si formidling knytt til julemarkeringa? Svaret mitt er at dei legg vekt på juleforteljinga og tradisjonar som Lucia og nissen. «Ro» og det å unngå «stress» er viktige stikkord. Eg fann større likskap i informantane sine meiningar om og innhaldet i julemarkering enn eg hadde forventa. Det eg fann av usikkerheit opplevde eg som knytt til kva som er god formidling og temaet kva er forkynning og kva er formidling. Informant 2 og 3 var opptekne av formidling til barnegrupper med ulike kulturar og livssyn. Informantane kunne grunnkje meiningane sine med det som står i rammeplanen. Dei la vekt på verdiar som samsvarar med delar av verdigrunnlaget til barnehagen som nemnt i avsnitt 4.1 (s.12-14). Samstundes verkar det som at tradisjon og kva ein alltid har gjort står sterkt i barnehagane eg var innom. Ei hypotese for vidare arbeid kunne vore om dette styrer aktivitetar og vektlegging ved markering av jul i barnehagen meir enn rammeplanen. Eg meiner at barnehagelæraren må sjå til rammeplanen før aktivitetar vert bestemt heller enn etterpå, som drøfta i punkt 4.2 (s. 15). Det same gjeld å sjå til barnegruppa.

Får ungane leike med Jesus og alle tradisjonane? Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg blitt stadig meir oppteken av emnet. Alle informantane snakka om å ta borna med i planleggingsarbeidet. Dette er i tråd med rammeplanen tidlegare nemnt i avsnitt 4.4 (s. 18). I forkant av oppgåvearbeidet var det umedvite, men likevel slående systematisk, at eg tenkte borna som deltakande i evalueringsarbeidet, men ikkje i planlegginga. Ved julemarkering, som elles i barnehageåret, står det no som sjølvsagt at det skal vere rom for medverknad som bør påverke vektlegginga ved markering av jul. Medverknad står også fram som eit viktig i ledd i å anerkjenne barnet med sin unike kultur- og livssynsbakgrunn. Omgrep som integrert plural identitet, nemnt i avsnitt 4.3 (s. 17-18), meiner eg kan vere til hjelp for å ta barneperspektivet og komme vekk frå ein problemorientert ståstad.

Oppskrifta på den rette julemarkeringa som nemnt i avsnitt 1.1 (s. 3) har eg ikkje funne. Den blir verande i spenningsfeltet mellom didaktikk og rammeverket nemnt i same avsnitt (s. 3), og må sjåast som avhengig av barnehagelæraren og personalet sine val, deira didaktiske dugleik og etisk skjønn.

Eg vil avslutte med å trekke fram tre viktige konklusjonar eg har gjort. Den første er at barnehagelærarane må sjå utover eigen barnehage. Då både til rammeverk før planlegging, til andre barnehagar og til teori og forskning som ved kjennarskap nemnt i avsnitt 4.6 (s. 22). Det er viktig å lese faglitteratur også etter utdanning og ha ein god kultur for fagleg diskusjon i eigen barnehage. Å nytte samlingspunkt i nærområdet og nasjonalt er også ein del av dette. For det andre er det naudsynt å bryte umedvitne vanar gjennom å utfordre og diskutere tradisjonar. Kvifor vektlegg vi dette i julemarkeringa vår? Dei didaktiske spørsmåla og planlegging gjennom standard skjema som informant 3 fortalte om i avsnitt 4.2 (s.15), kan vere til god hjelp. Som informant 2 snakka om i avsnitt 4.6 (s. 21-22), kan det å ha ein perm for kvar markering vere ein god måte å samle informasjon og etablere rutinar for evaluering og evidensbasert arbeid som nemnt i avsnitt 2.3 (s. 6). Den tredje konklusjonen er at vi må ta dei faglege diskusjonane som gjer oss sameinte som personalgruppe. Det er ein påstand at desse er ein viktig del av det som gjer oss gode på formidling ved julemarkering og generelt i alt arbeid i barnehagen. Eg konkluderer med å gjere informant 2 sitt utsegn frå avsnitt 4.6 (s. 20) til mitt; det er greitt å vere ulike og ha ulik tru, men i barnehagen må vi vere profesjonelle.

6. Avslutning

Denne oppgåva er eit svar på problemstillinga: *Kva legg barnehagelærarar i tre ulike barnehagar vekt på i si formidling knytt til julemarkeringa?* Oppgåva har sett nærare på kva dei tre informantane la vekt på i si formidling. Hovudtrekk kan seiast å vere at dei legg vekt på verdiar som kan sjåast i samanheng med verdigrunnlaget til barnehagen, henta frå rammeplanen og barnehagelova som nemnt i avsnitt 2.3 (s.5-6). Dei legg vekt på å formidle juleforteljinga og tradisjonar som Lucia og nissen. «Ro» og det å unngå «stress» er relevante stikkord frå empirien. Dette er i oppgåva sett i samanheng med relevant teori. Hovudemne her kan oppsummerast med stikkorda: formidling, didaktikk, rammeverk, samfunnsmandat, inkludering, danning, medverknad og profesjonelt arbeid.

7. Litteraturliste

- Barnehagelova. (2005). Lov om barnehager (LOV-2005-06-17-64). Henta 26.12.18 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Becher, A.A (2015) Didaktikk – fra overordnede intensjoner til øyeblikkenes avgjørelser. I Greve, A., Pedersen L. & Sviggum, H.G. (Red.) *Faglighet i barnehagen*. (s. 17-38). Bergen: Fagbokforlaget.
- Bø I. & Helle L. (2014). *Pedagogisk Ordbok*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Gudmund Hernes. (2012 28. september). I *Store Norske leksikon* Henta 16.12.18 frå https://snl.no/Gudmund_Hernes
- Gotvassli, K-Å. (2017) *Boka om ledelse i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jacobsen D.I. (2015) *Forståelse, beskrivelse og forklaring. Innføring i metode for helse- og sosialfagene*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Lundestad, M. (2017) Ledelse av assistentgruppen i et relasjonelt perspektiv. I Skogen, E. (Red.) *Å være leder i barnehagen*. (s. 215-246). Bergen: Fagbokforlaget.
- Pålerud, T. (2013) *Didaktikk for en demokratisk barnehage*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Ringdal K. (2013) *Enhet og mangfold. Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Rønning, G.S. (2014). *Rammeplan for barnehagen, hva så?* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Sagberg, S. (2001). *Autensitet og undring. En drøfting av kristendommens plass i norsk barnehage og i institusjonsetisk og personetisk perspektiv*. Oslo: Tapir akademiske forlag.
- Sagberg, S. (2010) Norske dannelsingsprosjekter og danning som education. I Rise, S. (Red.) *Danningsperspektiver. Teologiske og filosofiske syn på danning i antikken og i moderne tid*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Sandvik, N. (2006) *Temahefte om de minste i barnehagen*. Oslo: Departementet. Henta 02.12.18 frå https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/kd/red/2006/0107/ddd/pdfv/287768-temahefte_om_de_minste_barna_i_barnehagen1.pdf
- Sødal H. K. (2016) *Kristen tro og tradisjon i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Thoresen, I.T & Winje G. (2017) *Religioner, mangfold og etikk i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Utdanningsdirektoratet. (2017) *Rammeplan for barnehagen. Innhold og oppgaver*. Oslo:

Utdanningsdirektoratet.

Waterhouse, A. H. L. (2016) *I materialenes verden – perspektiver og praksiser i barnehagens kunstneriske virksomhet*. Bergen: Fagbokforlaget.

Utdanningsdirektoratet. (u.å) Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Henta 9.12.18 frå

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/tilbud-om-kompetanseutvikling-miljo-og-mobbing/>

Vedlegg 1

Førespurnad om deltaking i undersøking knytt til bacheloroppgåve.

«Kva legg barnehagelærarar i tre ulike barnehagar vekt på i si formidling knytt til julemarkeringa?»

Bakgrunn og føremål.

Bakgrunnen for denne førespurnaden er arbeid med ei bacheloroppgåve ved Høgskulen i Sogndal, avdeling Førde. Oppgåva er ein del av ei arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning som vert gjennomført på deltid. Studentane skriv bachelor i det fjerde og siste studieåret. Føremålet med oppgåva er å få innsikt i kva ulike barnehagelærarar legg vekt på i si formidling knytt til julemarkeringa. Problemstillinga er: Kva legg barnehagelærarar i tre ulike barnehagar vekt på i si formidling knytt til julemarkeringa?

Kva vil det seie å ta del i denne undersøkinga?

Deltaking i undersøkinga vil innebere eit intervju på 1-1,5 time. Tema er julemarkering i barnehage. Studenten kjem til informanten sin barnehagen for å gjennomføre intervjuet der. Intervjuet er eit kvalitativt intervju med fokus på subjektive opplevingar, og det å studere prosessar og særtrekk ved eit miljø i sin heilskap. Målet er i all hovudsak å få ei forståing framfor å få ei forklaring (Rønning, 2014, s. 141-142). Det vil bli gjort lydopptak av samtalen som vil bli lagra på data. Dette er det berre studenten som lyttar til i arbeidet med å skrive ut intervjuet.

Definisjonar i samband med problemstilling og tema.

Formidling er i samband med høgtidsmarkering definert som det å formidle kunnskap og gje merksemd til ei spesiell høgtid (Sødal, 2016, s. 93).

Markering er definert som pedagogisk aktivitet som omhandlar det å formidle kunnskap om og gje spesiell merksemd til ei høgtid (Sødal, 2016, s. 93). I denne oppgåva er høgtida den kristne julehøgtida. Ei markering er ein planlagt aktivitet. Til markering kan formidling, førebuingar og samtale rundt forventningar og erfaringar vere viktige stikkord (Sødal, 2016, s. 94). Då feiring og markering ofte er nemnt saman, er det i arbeidet med denne oppgåva nyttig å ta med ein definisjon av feiring, for å skilje

omgrepa frå kvarandre. Feiring handlar om å gje personleg tilslutning til trusinnhaldet i ei høgtid, som til dømes den kristne jula (Sødal, 2016, s. 95). Ei feiring av ei høgtid inneheld religiøs aktivitet der dei som høyrer til religionen er aktive. Det kan vere ritual og eit religiøst fellesskap i heimen eller i menigheiten (Sødal, 2016, s. 93).

Didaktikk er i samband med denne oppgåva definert som kunsten å undervise. Det er den praktisk-teoretiske planlegginga, sjølv gjennomføringa, vurdering og kritisk analyse av undervisning og læring (Bø & Helle, 2014). Omgrepet undervisning rommar det å formidle kunnskap, kommunikasjon, det sosiale samspelet, å vere i dialog, kreative prosessar, det å utforske og det å løyse problem (Rønning, 2014, s. 38). Læring er definert som ein prosess som fører med seg ei relativt varig endring av åtferd som følgje av erfaringar (Lundestad, 2017, s. 241). Det er relevant å ta med at didaktikk er det å peike ut det vesentlege, og har i oppgåve å stille spørsmål om kva som er det vesentlege i samtida (Rønning, 2014, s. 38).

Spørsmåla.

Det er ynskjeleg at informantane i denne undersøkinga er førebudd på spørsmåla dei får. Det kan komme oppfølgingsspørsmål som ikkje står her under intervjuet. Alle spørsmåla er knytt til markering av jul i barnehagen.

1. Alder og kjønn?
2. Kva er jul i denne barnehagen?
3. Kva skal ungane her oppleve, erfare og lære?
4. Kva kan du seie om didaktikk knytt til di formidling?
(stikkord: planlegging, gjennomføring, vurdering og kritisk analyse av undervisning og læring)
5. Korleis knyt du dette arbeidet opp mot rammeplanen?
6. Kva likar du å gjere i barnehagen ved markering av jul?

Kva skjer med informasjonen?

Studentane har gjennom utdanninga fått innføring i lovverk og etisk bruk av elektronisk dokumentasjon. Data samla inn i arbeidet med oppgåva vil bli handsama konfidensielt, og det som vert presentert i oppgåva vert anonymisert. Namn og personopplysningar vil bli handsama konfidensielt. Studentane og rettleiar har taushetsplikt. Oppgåva vil bli levert inn 7.1.19. Sensuren er klar om lag tre veker etter dette. Då vil lydopptaket og transkripsjon av intervjuet bli sletta.

Frivillig deltaking.

Som informant i denne undersøkinga står ein fritt til, når som helst, å trekke seg. Det er ikkje krav til noko grunngjeving om dette skulle skje. Kontaktinformasjon som kan nyttast dersom ein informant ynskjer å trekke seg følgjer under. Etter at informasjonen i dette skrivet er lest kan ein som informant trekke seg heilt fram innleveringsdato for bacheloroppgåva 7.1.19.

Kontaktinformasjon.

Student: Gry Losnegård Hansen. Mobil 97183788. E-post grylhansen@gmail.com

Rettleiar: Tom Sverre Tomren. E-post Tom.Sverre.Tomren@hvl.no

Samtykke

Eg har lest informasjonsskrivet som ligg føre, og samtykker til å vere informant i undersøkinga til studenten, Gry Losnegård Hansen. Eg samtykker til at det vert gjort lydopptak av intervjuet.

Dato og stad.

Underskrift informant.

Litteraturliste.

Bø I. & Helle L. (2014) *Pedagogisk Ordbok*, Oslo: Universitetsforlaget.

Lundestad, M. (2017) Ledelse av assistentgruppen i et relasjonelt perspektiv. I Skogen, E. (Red.) *Å være leder i barnehagen*. (s. 215-246). Bergen: Fagbokforlaget.

Rønning G.S. (2014) *Rammeplan for barnehagen, hva så?* Oslo: Cappelen Damm AS.

Sødal H. K. (2016) *Kristen tro og tradisjon i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Vedlegg 2

Intervjuguide.

Praktisk:

- Metode: Kvalitativt intervju, pre-strukturert.
- Informasjon: Informasjonsbrev om oppgåva er sendt ut ved førespurnad om deltaking i undersøkinga. Problemstilling, definisjonar med tilhøyrande litteraturliste og spørsmåla vil bli sendt ut til einingane 1 veke på førehand av intervjuet. Det vil bli gjort opptak av lyd under intervjuet.
- Kven: 3 barnehagelærarar i 3 ulike barnehagar.
- Varighet/Stad: 1-1,5 time. Barnehagen til kvar einskild av barnehagelærarane.

Kva legg barnehagelærarar i tre ulike barnehagar vekt på i si formidling knytt til julemarkeringa?

Innleiing:

1. Presentasjon av meg sjølv.
2. Kort gjennomgang av informasjonsskriv og innhenting av skriftleg samtykke.

Spørsmål:

Alle spørsmåla er knytt til markering av jul i barnehagen.

1. Alder og kjønn?
2. Kva er jul i denne barnehagen?
3. Kva skal ungane her oppleve, erfare og lære?
4. Kva kan du seie om didaktikk knytt til di formidling?
(stikkord: planlegging, gjennomføring, vurdering og kritisk analyse av undervisning og læring)
5. Korleis knyt du dette arbeidet opp mot rammeplanen?
6. Kva likar du å gjere i barnehagen ved markering av jul?

Avslutning:

1. Opne for spørsmål og kommentarar på gjennomføring av intervjuet.

-
2. Takke for deltaking og tilby at informant kan få lese oppgåva etter at sensuren er klar.

Vedlegg 3

Intervjuguide pilotundersøking.

Praktisk:

Metode:	Fokusgruppeintervju.
Kven:	4 born frå dei eldste på stor-barn-avdeling.
Varighet/Stad:	15-20 minutt. Barnehagen til borna.

Kva legg barnehagelærarar i tre ulike barnehagar vekt på i si formidling knytt til julemarkeringa?

Innleiing:

1. Hente inn samtykke individuelt frå kvart barn før vi går inn i rommet der fokusgruppeintervjuet skal finne stad.
2. Lydsjekk der ungane får prøve ut bandopptakaren og blir informert på nytt om korleis den fungerer.
3. Presentere at eg skal stille spørsmål og seie at alle kan få svare.

Spørsmål:

1. Kva er jul i barnehagen?
2. Kva har de her i barnehagen når det er jul?
3. Kva gjer de her i barnehagen når det er jul?
4. Kva snakkar dei vaksne om når det er jul?
(Aktuelle oppfølgingsspørsmål: kan de hugse noko av det dei sa?)
5. Kva likar du med jula i barnehagen?

Avslutning:

1. Opne for spørsmål og kommentarar på gjennomføring av intervjuet.
2. Takke for deltaking og tilby at ungane kan få høyre på opptaket.